

## REGULERINGSFÖRESEGNER

### I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR NYLAND II I BRYNE, TIME KOMMUNE.

#### § 1.

Grensa for det regulerte området er vist på planen.  
Innanfor denne reguleringsgrensa skal busetnaden oppførast som vist på planen.

#### § 2.

Det regulerte området er oppdelt i:

- A. Byggjeområde for bustader
- B. Byggjeområde for industri.
- C. Landbruksområde.
- D. Trafikkområde.
- E. Friområde.

ooooooooo

#### A. Byggjeområde for bustader.

#### § 3.

Busetnaden skal vera frittliggjande og skal oppførast i 1 högd. Bygningsrådet kan gjere unntak i särlege höve.

#### § 4.

- a. Busetnaden skal plasserast innanfor byggjegrensa, og slik bygningsrådet fastset.
- b. Busetnaden må ikkje ha større grunnflate enn 1/5 av netto tomtareal. Eventuell garasje kjem likevel i tillegg, anten han vert bygd frittliggjande eller saman med bustadhuset.
- c. Bygningane skal ha ei arkitektonisk utforming som höver med terrenget og busetnaden omkring.
- d. Bygningane skal ha sadeltak med takvinkel mellom 25° og 30° og møne langs lengderetninga av huset.

#### § 5.

I sterkt skrånande terreng kan bygningsrådet gje løyve til innreiing av underetasje innanfor råma av föresegnerne i byggeforskriftene.

Det vert ikkje tillate å nytta loftet til bustadrom.

#### § 6.

Farge på hus og gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 7.

- a. Garasje skal byggjast saman med huset, eller innreiast i kjellaren der dette höver.  
Bygningsrådet kan godkjenne frittliggjande garasje i särlege höve.
- b. Garasjen skal ha ei arkitektonisk utforming som höver med busetnaden.
- c. Garasje kan berre förast opp i ei högd, og med ikkje over 40 m<sup>2</sup> grunnflate.  
Utköyring frå garasjen må ordnast slik at det vert fritt oversyn og trygge tilhöve for trafikken.
- d. Det skal vera oppstillingsplass for minst to bilar på eigen grunn utanom garasjen.

B. Byggjeområde for industri.

§ 8.

Området skal nyttast til oppföring av bygg for industri, handverk, verkstader, lager o.l.

Bygningane skal plasserast slik som bygningsrådet fastset.

Bygningane skal förast opp i 1 högd. I särlege tilfelle kan bygningsrådet godkjenne bygg i 2 högder. Bygningsrådet kan oppförast av brannfaste materialar. Bygningsbyggeforskriftene.

Bygningsrådet kan gje löyve til oppföring av bustader som t.d. husvære for vaktmeister.

§ 9.

Industriell verksemد, som etter bygningsrådet sitt skjönn förer med seg särlege ulemper for stroket, kan ikkje tillatas.

§ 10.

- a. Bygningsrådet skal sjå til at bygningane får ei god arkitektonisk utforming som höver med terreng og busetnaden omkring.
- b. Bygningane skal ha tiltalande fasader på alle frittstående sider. Farge og fasadematerialar skal godkjennast av bygningsrådet.

Branngavlar, som etter bygningsrådet sitt skjönn vil verta ståande synlege meir enn eitt år, skal handsamast på ein slik måte at dei får eit tiltalande utsjåande.

- c. Piper, ventilasjonskanalar og andre turvande takoppbygg for tekniske anlegg m.v. skal samlast og ordnast på ein slik måte at dei etter bygningsrådet sitt skjønn ikkje verkar sjenerande for stroket. Bygningsrådet kan krevja at rom for tekniske anlegg vert lagt i øvste etasje i bygningen der denne er oppført i 2 högder.
- d. Med byggjemeldinga skal følgja takplan som viser alle anlegg som skjer takflata. Anlegga skal også teiknast inn på alle fasadeteikningar.

§ 11.

Opplagsplassar, innretningar og anlegg for tekniske anlegg som verkar skjemmande skal skjermast av bygningar, murar, plantingar eller liknande, etter nærmare avgjerd av bygningsrådet.

§ 12.

- a. Det skal avsetjast turvandè plass til bilparkering, varetransport og vareuttag på eigen grunn naudsynleg for eigedomens bruk etter bygningsrådet sitt skjønn.
- b. Parkeringsplassar m.v. skal utformast slik at dei verkar minst mogeleg sjenerande for stroket. Dei skal avskjermast med planting, gjerde o.l. der bygningsrådet finn det turvande.

§ 13.

Industriområdet skal ha avkjöring til gate 53. Avkjöringane skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 14.

I isolasjonsbeltet vert det ikkje gjeve løyve til oppföring av bygningar eller andre faste anlegg og innretningar av noko slag.

Bygningsrådet kan krevja at det vert utarbeidd ein sams plan for dette.

Isolasjonsbeltet skal ikkje delast opp med gjerde.

Der tilhöva tilseier det, kan det setjast opp gjerde mellom isolasjonsbeltet og veg. Slikt gjerde må ikkje vera over 0,8 m högt, og i frisiktline ikkje over 0,5 m högt.

C. Landbruksområde.

§ 15.

Det kan förast opp bygningars med turvande tekniske anlegg for veksthusanlegg.

Bygningsrådet kan gje løyve til oppföring av bustadhus når desse er direkte knytte til verksemda.

D. Trafikkområde.

§ 16.

Breidd, kurvatur og byggelinjefråstand, samt fri-siktline for regulerte veger, skal vera som vist på planen. Fortau vert bygt der bygningsrådet finn det turvande av omsyn til trafikktryggleiken.

E. Friområde.

§ 17.

I friområdet kan bygningsrådet med samtykke frå formannskapet gje løyve til oppföring av bygningars for barnehage, daghjem o.l. institusjonar, samt bygningars som har naturleg tilknyting til idrett- og friluftsliv.

Sams föresegner for området.

§ 18.

Saman med byggjemelding skal det sendast inn situasjons-kart med högdekurver som viser korleis tomta er tenkt planert.

Der planering förer med seg oppsetting av stöttemurar mot gate eller nabo, kan bygningsrådet krevja at planeringshögda skal senkast eller hevjast, dersom ein finn dette meir höveleg, eller at det vert lagt skråning for å redusera högd på stöttemurar.

Bygningsrådet kan vidare krevja at planeringshögder og utforming langs veg vert samarbeidd for fleire tomter, slik at ein får større einskap og ei meir harmonisk ut-forming av det heile.

§ 19.

- a. Det skal til vanleg nyttast hekk eller buskplanting og kantstein til hegning av tomtene.

Innanfor dei regulerte frisiktlinene i vegkryss, må hekkar eller andre samla grupper av plantar ikkje vera over 0,8 m höge.

- b. Der det vert nytta gjerde langs bustadtomter, må högda på dette ikkje vera over 0,8 m, og i frisiktsline ikkje over 0,5 m högt.
- c. Utforming av gjerde skal i kvart höve godkjennast av bygningsrådet.
- d. Bygningsrådet kan krevja at det vert utarbeidd sams planar for hegning av tomter.

§ 20.

- a. Eksisterande verdfulle tre i området må ikkje fjernast utan tvingande grunn.
- b. Det må ikkje plantast tre eller buskar som vil verta til skade eller særleg ulempe for nabo eller ferdsel.

§ 21.

Transformatorstasjonar kan förast opp på stader bygningsrådet fastset innanfor det regulerte området. Om mogeleg skal dei leggjast inn i terrenget, og i alle höve plasserast slik at dei vert minst mogeleg skjemmande for stroket.

§ 22.

Reguleringsföresegnene kjem i tillegg til bygningslova og gjeldande vedtekter til bygningslova i Time kommune.

Bygningsrådet kan gjera unntak frå desse reguleringsföresegnene innanfor råma av bygningslova og gjeldande vedtekter.

§ 23.

Etter at reguleringsföresegnene er stadfesta, er det ikkje höve til å oppretta private servituttar som strir mot desse föresegnene.

--oooOooo--

Vedtektena er stadfesta av departementet 21/10-1969.